



BØ KOMMUNE
Administrasjon

Saksbeh.: Dag Gjermund Roheim
Innvalsnr.: 35 06 04 76
Kontoradr.: Gullbringevegen 20
Tlf. etaten: 35 06 04 75 faks: 35 95 42 86

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

NÆRING OG RESSURSFORVALTNING

Dato: 19.07.2004
Arkivnr.: V60
Vår ref.: 04/879-3

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 03127 - 123	Doknr.
Mottatt: 21 JUL 2004	ASR/ljuir
Saksbeh.: EDA	Ark.: 446
Kopi:	

HØYRING - NOU 2003:26 OM ODELS- OG ÅSETESRETTE
Høyringsuttale frå Bø kommune


har med bakgrunn i høyringsbrev av 13.11.2003, vurdert forslaga til endring av Odelslova som er lagt fram i NOU 2003/26.

Utval for plan teknikk og næring meiner at

- Odelslova bør oppretthaldast.
- Ein odelseigedom bør ha minst 30 daa dyrka mark eller 500 daa produktiv skog, eller 20 daa dyrka mark + 100 daa anna areal.
- Reglande om bu- og driveplikt i odelslova og konsesjonslova vert samordna.

Utskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing


Dag Gjermund Roheim
einingsleiar



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Plan, teknikk og næring	28.06.2004	080/04	DGR

Saksansvarleg: Dag Gjermund
Roheim
Oppfølgjingsansvar:

Arkiv: V60

Arkivsaknr.: 2004000879

Tidsfrist:

HØRING - NOU 2003:26 OM ODELS- OG ÅSETESRETTE

Vedlegg: Utdrag av NOU 2003:26 Om odels- og åsetesretten, vert sendt ut til utvalet sine medlemmer og varamedlemmer.
Fullstendig NOU 2003:26 (174 sider) kan du låne til gjennomsyn på landbrukskontoret. Fins også på internett:
http://odin.dep.no/ld/norsk/aktuelt/hoeringssaker/paa_hoering/020081-080011/index-dok000-b-n-a.html.
På internett fins også ein del høyringsuttaler.

Saksomtale: **Bakgrunn for saka.**

Odelslovutvalet har i NOU 2003:26 lagt fram forslag til endringar i lov om odels- og åsetesretten. Saka er sendt på høring, med høringsfrist 1.juli 2004. Målsettinga for odelslovutvalet var å gjera ei evaluering av odelslovgjevinga, og foreslå endringar i samsvar med dei landbrukspolitiske måla nedfelt i Inst S Nr. 167 (1999-2000) og St. meld Nr. 19 (1999-2000). Mandatet går fram av side 15 og 16 i NOU 2003:26

Odelslovutvalet har lagt fram ei rekke forslag til endringar med tanke på forenkling og klargjering.

Odelslovutvalet er delt i spørsmålet om arealgrenser for kva som skal vera odelsjord, kven som skal inngå i odelskrinsen, og om bu- og driveplikt skal vera heimla i odelslova eller konsesjonslova. 2 av utvalet sine medlemmer meiner at odelsretten bør avviklast.

Kommuane sitt ansvarsområde når det gjeld Odelslova er avgjerd i saker om bu- og driveplikt etter §§ 27-29, og sakshandsaming og uttale til søknad om odelsfrigjering etter § 31.

I denne samanheng vel ein å sjå på dei spørsmåla der utvalet er delt og som ein meiner har størst relevans for kommunen.

Vurdering om odelslova bør oppretthaldast eller avviklast.

Odelslova har vore viktig for utviklinga av landbruket. Faste reglar for kven som kan kreve å overta ein eigedom, har i seg eit langsiktig perspektiv for noverande eigar, og gjer at den som har best odel kan førebu seg på å overta eigdommen i høve til utdanning og erfaring. Dette vil truleg vera viktig for ein langsiktig forvaltning av eigdommen sine ressursar, både jord, skog, og bygningar, kulturlandskapet. Odelslova markerar også at det er likestilling mellom kjønn, og medføre at fleire kvinner overtek landbrukseigedommar. Dette er viktige langsiktige perspektiv som gjer at ein vil rå til å oppretthalde Odelslova.

Arealgrenser

Forslaget går på å knytte odellsterkare til arealgrenser, og mindre til skjønn. Det vil gjera det lettare å vurdere om ein eigedom er odelseigedom, enn dagens lov, som i større grad gjev rom for skjønn, med påfølgjande rettssaker.

Fleirtalet går inn for ei arealgrense på 50 daa dyrka mark eller 1000 daa produktiv skog, evt. 40 daa dyrka + 500 daa anna areal.

Mindretalet går inn for ei grense på 30 daa dyrka mark eller 500 daa produktiv skog, evt. 20 daa dyrka + 100 daa anna areal.

I Bø har vi i dag om lag 450 eigedommar som tilfredstiller arealkravet etter dagens reglar, 20 daa dyrka eller 100 daa produktiv skog, eller ein kombinasjon. Ei endring i samsvar med mindretalet, gjer at talet på odelseigedommar vert redusert med om lag 15, medan ei endring i samsvar med fleirtalsinnstillinga føre til ein reduksjon på 185 odelseigedommar.

Vi har om lag 160 gardbrukarar som søkjer produksjonstillegg i landbruket, dvs. driv eit aktivt jordbruk.

Dersom ein skal auke arealgrensene for odelseigedom til eigedommar som er egna til å drive landbruksnæring, bør nok grensene aukast ein del. Gjennomsnittseigedommen i Bø har 44 daa dyrka mark og 420 daa skog (Tal frå Tiltaksretta ressursplan for landbruket i Bø). Ut frå dette vil det vera ei stor endring å auke grensene i samsvar med fleirtalet. Men det vil kanskje vera nødvendig om ein skal unngå at odelslova vert nytta til å sikre bruk som i hovudsak vert nytta som bustad/fritidseigedom. Dei 185 eigedommane som vil falle utanom odelslova, dersom ein endrar arealgrensene til fleirtalsinnstillinga utgjer eit ikkje ubetydeleg areal, som bør nyttast i ein næringsmessig samanheng.

Bu- og driveplikt.

Ei samordning av reglane i odelslova og konsesjonslova vil føre til ei forenkling.

Elles har ein ikkje særskilde kommentarar til foreslåtte endringar

Rådmannen Utval for plan teknikk og næring meiner at
tilrår:

- Odelslova bør oppretthaldast.
- Ein odelseigedom bør ha minst 30 daa dyrka mark eller 500 daa produktiv skog, eller 20 daa dyrka mark + 100 daa anna areal.
- Reglande om bu- og driveplikt i odelslova og konsesjonslova vert samordna.

PTN-080/04 Samrøystes som rådmannen.

Vedtak:

Felt utskrift. 19.07.04
Ray G. John